


Ein teikneserie blir fødd

TEKST: Olaf Moriarty Solstrand,
manusforfattar for Donald Duck

Det finst mange måtar å laga teikneseriar på. Dei fleste har sikkert prøvd å berre teikna ei rute, for deretter å teikna neste rute, og halda fram slik medan ein finn på kva som skal skje etter kvart. Det er ein artig måte å arbeida på, men for at resultatet verkeleg skal bli bra, løner det seg å leggja ned litt meir arbeid i planlegginga først. Å laga teikneseriar handlar jo ikkje berre om teikning, det handlar like mykje om *historieforteljing*. Då er det ein fordel å kunna sjå for seg korleis ei historie skal slutta allereie når ein teiknar første rute, og det er eit godt hjelpemiddel å ha nokre tankar om kor lang historia skal vera, kva ein har lyst til å formidla, og korleis ein eigentleg skal formidla det. Ein god måte å leggja opp dette arbeidet på er å skriva eit *teikneseriemanus*. Sluttresultatet blir utruleg mykje betre av det, og når ein først har kome inn i det, er det faktisk ganske gøy.

Korleis går ein fram?

Måten eg lagar manus til Donald Duck-teikneseriar på, kan delast inn i tre trinn: *ideen*, *samandraget* og *sjølve manuskriptet*. Denne inndeling gjer at eg har eit overblikk over handlinga i heile historia allereie frå første trinn, og det gjer òg at redaktøren min allereie på idéstadiet kan gi meg ei tilbakemelding på om han synest at dette er noko eg bør skriva ferdig, eller om eg berre kan kasta heile ideen og byrja på ein ny. Lagar du teikneseriar berre for deg sjølv, har du sjølvsgt ingen redaktør som kan gi deg tilbakemelding, men eg anbefaler likevel denne tredeling av arbeidsprosessen. Det



Måten eg lagar manus til Donald Duck-teikneseriar på, kan delast inn i tre trinn: *ideen*, *samandraget* og *sjølve manuskriptet*.

hjelper veldig å ha oversikt over kva historia skal handla om, før ein byrjar å skriva manuset – eller, endå verre, byrjar å teikna! Dessutan er det veldig praktisk å få luka ut dei dårlege ideane så tidleg som mogleg.

Persongalleriet

Kven spelar hovudrollene i din teikneserie? Du må velja sjølv om du vil laga alle figurane før du byrjar på teikneserien, eller om du vil utvikla dei etter kvart som dei dukkar opp, men dess betre du kjenner figurane dine, dess betre veit du korleis dei kjem til å reagera på situasjonane du puttar dei inn i. Det er ikkje tilfeldig kva figurar du bruker, og kva eigenskapar du gir dei.

Du vel sjølv kven som skal vera med i figurgalleriet ditt, men det løner seg å tenkja mangfaldig og kreativt. Dersom du lagar ein teikneserie om to menn som har alt felles, er einige om alt, og sit på puben og snakkar saman dag ut og dag inn, er det eigentleg ikkje så veldig mykje som kan skje med dei. Dersom du lagar ein teikneserie om ein makt sjuk papegøye som røykjer seksti sigarettar om dagen og har fiendar i mafiaen, og ein naiv bever med trebein som drøymmer om å kjøpa sitt eige offentlege basseng, vil det vera veldig mykje lettare å koma på idear til kva dei to kan finna på.

Ideen


Ideen er nettopp det: ein idé, ein tanke om kva som skal skje i historia. For å bruka eit døme frå ei av mine eigne Donald-historier: Eg liker Magica frå Tryll. Nokon sette meg på tanken om korleis det hadde vore dersom Donald og nevøane måtte kjempa mot Magica utan at Skruer var til stades. Eg likte tanken, men følte at det aleine ikkje danna nok grunnlag for ei historie. Men så byrja eg å tenkja ... Kva er den store styrken til Ole, Dole og Doffen? At dei er hakkespettar, og har tilgang på hakkespettboka. Hakkespettboka er tufta på vitskap. Angrepa til Magica er tufta på magi. To rake motsetningar. Magica plar ha ein

ny trylleformel kvar gong ho kjem til Andeby for å prøva å slå kloa i lykketiøringen. Kva om ho denne gongen ikkje hadde éin formel, men *fem*, og Ole, Dole og Doffen måtte bruka Hakkespettboka for å forsvara seg mot kvar og ein av desse formlane? Det var ein idé eg hadde lyst til å skriva ei historie om!

Utgangspunktet for ein teikneserie treng ikkje vera meir konkret enn dette. Alt ein treng på dette stadiet, er eit overblikk over kva historia skal handla om. Det kan vera veldig nyttig å ha klart for seg i hovudet kva kjernen i historia eigentleg er, før ein byrjar å teikna eller skriva samandrag – og om du har lyst til det, kan du allereie her byrja diskutera ideen med andre og få tilbakemelding på kva andre synest om han.

Samandraget

Dersom du lagar striper, enkeltsider eller svært korte historier, er det ganske vanleg å hoppa over dette steget. Skal du laga ei lengre historie på åtte sider eller meir, vil eg nesten kalla det uunnverleg. *Samandraget* er ei vidareutvikling av ideen: Her planlegg du meir av kva som skal skje kvar og når. Som eg skreiv over, var ideen min at Ole, Dole og Doffen måtte bruka hakkespettboka for å forsvara lykketiøringen mot kraftige trylleformlar. Men det var mykje igjen å planleggja: Kva trylleformlar skulle *Magica* bruka? Kva artiklar frå Hakkespettboka kunne gutane bruka for å forsvara seg? Kva skulle skje, i kva rekkjefølgje? Kven skulle gjera kva til kva tid, kvifor skulle dei gjera det, og korleis skulle dei andre reagera på dette? Og ikkje minst: Korleis skulle eg byggja opp all denne handlinga for at det skulle bli ei historie av det som folk kunne tenkja seg å lesa?



Det kan vera veldig nyttig å ha klart for seg i hovudet kva kjernen i historia eigentleg er, før ein byrjar å teikna eller skriva samandrag ...

Dersom du ikkje er spesielt glad i å skriva, kan samandraget vera ganske kjedeleg, fordi det blir det næraste ein kjem til det å skriva stil. Sjølv synest eg at samandraget er noko av det mest spennande i heile prosessen, fordi det er her historia tek form og ein byrjar å sjå kva som skal skje i historia. Det er òg gjerne her du byrjar å dela handlinga inn i kva som skal skje på kva side – då slepp du det problemet at det skjer veldig mykje på ei side og nesten ingenting på ei anna side, og du klarer å laga spennande sideavslutningar slik at lesaren får veldig lyst til å bla om. Og det ferdige samandraget kan du sjølvstilt òg diskutera med venene dine, slik at du kanskje får tilbakemelding på ting du bør gjera annleis før du lagar eit manus til historia.

Manuskriptet

Så er det på tide å putta historia inn i teikneserieformatet, og som vanleg er det mange måtar å gjera det på. For korte striper og historier er det heilt vanleg å ikkje ha eit manus i det heile. Nokre vel å teikna manuset som ei skisse, og bruka denne skissa som ein kladd for den ferdige teikneserien. Sjølv føretrekkjer eg å skriva eit manuskript, ikkje ulikt dei manuskripta ein finn igjen i film, tv og skodespel. Litt annleis blir det, ettersom det ikkje er ei rekkje skodespelarar ein skal instruera med manuskriptet, men ein enkelt teiknar (kanskje til og med deg sjølv!). Då er det viktig å få fram korleis teikningane skal sjå ut, kven som er med i kva rute, og slike ting. Eg skriv mest manus for andre teiknarar, så eg prøver å vera så detaljert som mogleg i skildringane mine av kva som skal skje. Samandraget er til stor hjelp i dette steget.

Eg har tidlegare i denne artikkelen nemnt arbeidet mitt med historia «Tryllestav mot hakkespetter», som stod i Donald Duck & Co 39/2007. For å visa korleis eit manuskript kan sjå ut, tek eg her med eit utdrag av manuset til denne historia (omsett til norsk – originalmanuset var på engelsk).

SLIK SER MANUSET TIL SIDE 1 UT:

Side 1

Bilete 1-4: Skrues kontor, i Pengebingen. Donald, Ole, Dole og Doffen er der – Skrue er ikkje der. Donald feiar golvet med ein kost i bakgrunnen, medan nevøane sit på golvet i ein halvsirkel rundt ein haug med diamantar. Rundt dei står eit utval pussemiddel, og dei pussar ein diamant kvar med eit pusseskinn. Ein stad i rommet ser vi tre hakkespettryggsekker, som om nevøane planlegg å dra på eit hakkespettarrangement seinare. Nevøane er glade, bortsett frå Dole, som verkar litt tankefull, medan Donald ser ut som om han kjedar seg litt (slik han alltid ser ut når han jobbar for Skrue). *Dersom døra til forkontoret viser i biletet, legg merke til at frøken Vable ikkje er der.*

VIKTIG: Nesten heile historia skjer i dette eine rommet, så det er ganske viktig korleis møblane er oppstilte. Eitt av hjørna i rommet – aller helst det som er lengst vekk frå inngangsdøra – er heilt tomt for møblar (sjå side 7). Skrues skrivebord bør ikkje vera for langt unna dette hjørnet (sjå side 9). Skrues skrivebord må òg stå slik at dersom ein gøymer seg bak det, vil ein ikkje bli sedd av nokon som kjem ut av kvelvet (sjå side 10). Glasklokka til lykketiøringen er *ikkje* i rommet. Kvelvdøra med dei sju låsane er *lukka*.

FARGE: Nevøane pussar diamantar / Grøne pengesetlar

DOFFEN: Å passa på pengebingen for onkel Skrue i nokre dagar var ikkje så *vanskeleg* som vi trudde!

OLE: Ja, han og frøken Vable burde vera tilbake frå forretningsreisa si i Brasilia i *morgon*, og ingen *problem* har skjedd enno!

Bilete 5: Zoom inn på Dole, som ser litt bekymra ut. Donalds replikk kjem frå utanfor ruta.

DOLE: Vel, eg er framleis bekymra for at noko ... *mystisk* kunne skje!

DONALD: Pølsevev!

Bilete 6: Fokuser Donald, med kosten i den eine handa og ei urikkeleg tru på det han seier. Nevøane ser opp på han.

DONALD: Kva er det å bekymra seg for? *B-gjengen* er i fengsel, *Gulbrand Gråstein* er på den same konferansen som Onkel Skrue ...

Bilete 7: Donald held fram med å snakka.




DONALD: ... *Den Svarte Riddaren* blei sedd i Brunei så seint som i går, og *lykketiøringen* er trygt innelåst i kvelvet!

Bilete 8: Utanfor pengebingen. Magica frå Tryll gøymer seg i ein busk, og har eit vondskapsfullt smil. Ho held ein hasseltretryllestav – ikkje ein heilt vanleg tryllestav (sjå side 2), så ver så snill å teikna eitt eller anna spesielt ved denne om du kan. Dersom vi ser pengebingen på denne teikninga, kjem Donalds replikk frå eit vindauge, elles kjem han frå utanfor ruta. Magica er anten ved sida av eller på baksida av pengebingen (slik at ho ikkje blir sedd av bingevakta når ho gjer trylleformelen sin på side 2). Merk: Magica har ei ganske stor veske i denne historia.

DONALD: *Kva i alle dagar kan gå gale?*

SKILTET PÅ PENGEBINGEN: KR

SLIK TOLKA TEIKNAREN ARILD MIDTHUN MANUSET:



© Disney

Denne teikneseriesida er publisert av Nynorsksenteret med løyve frå Arild Midthun. Sida kan skrivast ut gratis til bruk i skulen til undervisningsføremål. Publisering på andre vevstader eller i andre medium er ikkje lov.

... og slik ser altså ei side frå eit Donald-manus ut. Alle replikkar er skrivne inn i fulltekst, og sjølv om eg normalt ikkje forklarar i detalj korleis alle møblar og landskap skal sjå ut, må eg påpeika det dersom det er viktig for historia. I dette tilfellet blei historia teikna av Arild Midthun. Dersom du skal teikna dine egne manus, treng du sjølvsagt ikkje vera såpass detaljert som eg er her.

Å utarbeida eit teikneseriemanus er til veldig stor hjelp når ein skal laga teikneseriar. Du slepp å finna på idear etter kvart. Du veit i detalj kva som skal skje i heile historia allereie når du teiknar første rute. Du klarer å balansera sidene dine slik at dei har omtrent like mykje handling, samtidig som du får avslutningar på kvar enkelt side som er så spennande at lesaren berre *må* bla om for å finna ut kva som skjer. Dersom du vil samarbeida med nokon og la dei teikna historiene dine, er manuset ein ideell måte å formidla ideane sine på, på ein god og detaljert måte.

Då står berre arbeidet med å teikna teikneserien att ... Men det er ei anna historie. Lykke til som teikneserieskapar!